

## **Forskrift om vern av Brokefjell naturreservat, Kviteseid og Seljord kommunar, Telemark**

Fastsett ved kongeleg resolusjon ... med heimel i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven) § 34 og § 62 [og § 77]. Fremja av Klima- og miljødepartementet.

### **§ 1 Føremål**

Føremålet med forskrifta er å ta vare på eit brannpåvirka og urskogsprega storområde som representerer ein bestemt type natur i form av høgareliggende barskog, rasmarskog og sumpskog.

Området har særleg betydning for biologisk mangfold på grunn mykje død ved, og har sjeldne og trua artar av karplanter, lav, sopp og insekt.

Det er ei målsetting å ta vare på verneverdiane i mest mogleg urord tilstand, og eventuelt vidareutvikle dei.

### **§ 2 Geografisk avgrensing**

Naturreservatet omfattar følgjande gnr./bnr.: Seljord kommune: 17/10, 21/1 og 22/1. Kviteseid kommune: 18/1 og 23/2.

Naturreservatet dekker eit totalareal på 26 622 daa. Grensene for naturreservatet går fram av kart datert Klima- og miljødepartementet ... Dei nøyaktige grensene for naturreservatet skal merkast av i marka. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

Verneforskrifta med kart blir oppbevart i Kviteseid og Seljord kommunar, hos Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark, i Miljødirektoratet og i Klima- og miljødepartementet.

### **§ 3 Verneregler**

I naturreservatet må ingen gjere noko som skadar verneverdiane som går fram av føremålet med vernet.

I naturreservatet gjeld følgjande verneregler:

- a. Vegetasjonen, medrekna daude buskar og tre, er verna mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne planter og sopp medrekna lav eller deler av desse frå naturreservatet. Planting eller såing av tre og annan vegetasjon er forbode.
- b. Dyrelivet, medrekna reirplassar og hiområde, er verna mot skade, øydelegging og unødig forstyrring. Utsetting av dyr er forbode.
- c. Det må ikkje settast i verk tiltak som kan endre naturmiljøet, som til dømes oppføring av bygningar, anlegg, gjerde og andre varige eller mellombelse innretningar, parkering av campingvogner, brakker e.l., opplag av båtar, framføring av luftleidningar, jordkablar, kloakkledningar, bygging av vegar, drenering eller anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling og lagring av masse, utføring av kloakk eller anna form for forureining, etterlating av avfall, gjødsling, kalking eller bruk av kjemiske utryddingsmiddel. Forsøpling er forbode. Opplistinga av tiltak er ikkje uttømmande.
- d. Bruk av naturreservatet til større arrangement er forbode.

### **§ 4 Generelle unntak frå vernereglane**

Vernereglane i § 3 andre ledd er ikkje til hinder for

- a. sinking av bær og matsopp
- b. jakt, fangst og fiske i samsvar med gjeldande lovverk

- c. felling av store rovdyr i samsvar med gjeldande lovverk
- d. vedlikehald av eksisterande hytte, veg, traktorvegar og stiar i samsvar med standard på vernetidspunktet
- e. beiting
- f. utsetting av saltstein
- g. brenning av bål med tørrkvist frå bakken eller medteken ved, i samsvar med gjeldande lovverk
- h. oppsetting av mellombelse, mobile jakttårn for storviltjakt
- i. forsiktig rydding av småbuskar og kvist i samband med storviltjakt

## **§ 5 Regulering av ferdsel**

All ferdsel skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne.

I naturreservatet gjeld følgjande reglar om ferdsel:

- a. Motorisert ferdsel på land og i vatn er forbode, medrekna landing og start med luftfartøy.
- b. Sykling, riding og bruk av hest er forbode utanom eksisterande vegar og stiar.

## **§ 6 Generelle unntak fra ferdselsreglane**

Ferdselsreglane i § 5 er ikkje til hinder for gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksemd, samt gjennomføring av skjøtsels- og forvaltningsoppgåver som er bestemt av forvaltningsstyresmakta. Unntaket gjeld ikkje øvingsverksemd.

Ferdselsreglane i § 5 annet ledd er ikkje til hinder for

- a. naudsynt motorferdsel for uttransport av sjuke og skadde bufe. Køyretøy som nyttast skal vere skånsamt mot markoverflata. Det skal sendast melding til ansvarleg oppsyn for verneområdet i forkant av køyring
- b. nødvendig uttransport av felt elg og hjort med lett beltekøyretøy som ikkje set varige spor i terrenget og med traktor og ATV på veg og traktorvegar avmerka på vernekartet
- c. landing og start med Forsvaret sine luftfartøy

## **§ 7 Spesifiserte dispensasjonsreglar**

Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gi dispensasjon til

- a. istandsetting, vedlikehald og skjøtsel av kulturminner
- b. tiltak i samband med forvaltning av vilt og fisk
- c. naudsynt uttransport av felt elg og hjort med andre køyretøy enn lett beltekøyretøy som nemnt i § 6 andre ledd bokstav b
- d. oppsetting og vedlikehald av gjerder
- e. merking og rydding av nye stiar
- f. avgrensa bruk av naturreservatet for aktivitetar nemnt i § 3 andre ledd bokstav d
- g. hogst av ved *i ei sone på inntil 2 daa ved hytte på gnr./bnr. 17/10, 22/1 i Seljord kommune*
- h. *naudsynt motorferdsel for transport av ved, materialar og utstyr til eksisterande hytte.*
- i. øvingskjøring for føremål nemnt i § 6 første ledd
- j. *naudsynt motorferdsel i samband med aktivitetar etter § 4 bokstav d, e og f og § 7 bokstav a og d*

## **§ 8 Generelle dispensasjonsreglar**

Forvaltningsstyresmakta kan gjere unntak frå forskrifterna dersom det ikkje strir mot føremålet med vernet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsyn

til tryggleik eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det nødvendig, jf. naturmangfoldloven § 48.

### **§ 9 Skjøtsel**

Forvaltningsstypesmakta, eller den forvaltningsstypesmakta bestemmer, kan setje i verk tiltak for å oppretthalde eller oppnå den natur- eller kulturtilstand som er føremålet med vernet, jf. naturmangfoldloven § 47.

### **§ 10 Forvaltningsplan**

Det kan utarbeidast forvaltningsplan med nærmere retningsliner for forvaltning av naturreservatet. Forvaltningsplanen kan innehalde nærmere retningsliner for gjennomføring av skjøtsel.

### **§ 11 Forvaltningsstypesmakt**

Miljødirektoratet fastset kven som er forvaltningsstypesmakt etter denne forskrifta. Miljødirektoratet kan deleger styresmakta til kommunar som samtykker til det.

### **§ 12 Ikraftsetjing**

Denne forskrifta trer i kraft straks. Samtidig blir forskrift FOR-1993-07-09-707 Forskrift om freding av Brokefjell naturreservat, Seljord og Kviteseid kommuner, Telemark oppheva.